

BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: onsdag 12. februar 2020
Tid: kl. 18.00
Sted: Møterom 1. etasje, Boknatun

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 52 75 73 50 eller
tlf 95 98 69 79 /sms/ e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saksliste:

- 1/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 20.11.19
- 2/20 Plan for orienteringar om rammeområda og stabsfunksjonane
- 3/20 Kontroll- og kvalitetsutvalet - årsmelding 2019
- 4/20 Referat- og orienteringssaker 12.02.20
- 5/20 Arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 - prosessmøte 1 med risikospel

Eventuelt

Aksdal, 05.02.20

Lars Øyvind Alvestad (sign.)
utvalsleiar


Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	12.02.20	1/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 20.11.19**Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Bokn kontroll- og kvalitetsutval 20.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.


Vedlegg: Protokoll frå møtet 20.11.19

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 20.11.10 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 05.02.20


Toril Hallsjø
Utvalssekretær

BOKN KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag 20. november 2019 blei det halde møte i Bokn kontrollutval under leiing av leiar Lars Øyvind Alvestad.

MØTESTAD:	Boknatun, møterom 1. etasje
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.20
MØTANDE MEDLEMMER:	Lars Øyvind Alvestad (Ap), Anne Løvereide Faye (Ap), Catharina Øvrebø (Sp), Kim Erik Larsen (H) og Hans Jørgen Ognøy (KrF)
FORFALL:	Ingen
MØTANDE VARAMEDLEM:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN:	Revisor/partnar Else Holst-Larsen, Deloitte AS Haugesund f.o.m. sak 21/19, Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr, Deloitte AS Bergen pr. tlf. i sak 21/19
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunalsjef/ass. rådmann/ Solrunn Alvestad
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Utvalet vedtok å ta opp ein ekstrasak om namneendring som sak 25/19.

Utvalsleiar ønskte medlemmene velkommen til det fyrste møtet i denne valperioden.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 18/19 KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER OG ANSVAR

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgåver og ansvar til orientering.

Utvalet har inga merknader knytte til evalueringa for perioden 2015-2019 eller

Utvalet vil framheva følgjande:

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Sekretær orienterte om sekretariatet, kommunen si revisjonsordning, lovverk og forskrift knytte til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll m.m. Utvalet kom med kommentarar undervegs.

Utvalet meinte at det førre utvalet hadde vore lite synleg, og dei no hadde ønskje om å markere seg meir i denne perioden. Utvalet var nøgd med at dei var fleire medlemmer, slik at det blir fleire å spele på og utveksle synspunkt med. Sakene frå utvalet må få meir merksam ved innlegg frå leiar eller nestleiar i kommunestyremøta. Utvalet blei samd om å ta det med meir synlegheit som viktig frå evalueringa, og ta dette inn som ein merknad i vedtaket.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19:

Bokn kontrollutval tar gjennomgangen av utvalets oppgåver og ansvar til orientering.

Utvalet har følgjande merknad knytte til evalueringa for perioden 2015-2019:

«Bokn kontrollutval ønskjer å jobbe med at utvalet, medlemmene og saker må bli meir synlege i denne perioden».

SAK 19/19 KONTROLLUTVALET SI MØTEPLAN FOR 2020

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2020:

onsdag 12.02, onsdag 06.05, onsdag 09.09 og onsdag 11.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Utvalet drøfta framlegget. Utvalet blei samde om å gå for oppsett datoar, sjølv om nokre kunne tenkt seg anna dag og Ognøy meldte at han ikkje kan møte i mai. Utvalet var også samd i sette møtet til kl. 18.00.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19:

Bokn kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2020:

onsdag 12.02, onsdag 06.05, onsdag 09.09 og onsdag 11.11 kl. 18.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 20/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 18.09.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Bokn kontrollutval 18.09.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen. Utvalsleiar var den einaste som hadde vore til stades på møtet.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19:

Protokoll frå møtet i Bokn kontrollutval 18.09.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 21/19 BESTILLING AV RISIKO- OG VESENTLEGHEITVURDERINGAR OG PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 FOR BOKN KOMUNE

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 for Bokn kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan/ med desse endringane.

Ramma vert sett til 83 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr blei ringt opp og deltok pr. tlf. under handsaminga. Sekretær innleia. Forvaltningsrevisor gjorde greie for prosessgangen med prosessmøte 1 og 2, før plan blir vedteken før årsskiftet neste år. Utvalet var samd i framlagt opplegg og slutta seg til innstillinga med ei presisering om prioritering av prosjekt skjer i septembermøtet og endeleg plan ferdig i november for oversending kommunestyret i desember.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19:

Bokn kontrollutval bestiller risiko- og vesentlegheitvurderingar og Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020-2024 for Bokn kommune slik den ligg føre i vedlagt prosjektplan med følgjande presisering: prioritering av prosjekt skjer i septembermøtet og endeleg plan ferdig i november for oversending kommunestyret i desember.

Ramma vert sett til 83 timar.

SAK 22/19 REVISJONSPLAN FOR REKNESKAPSÅRET 2019

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimsrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Revisor orienterte om planen for rekneskapsrevisjonen. Ho gjorde greie for omfang og angrepsvinklar, orienterte om vesentlegheitsgrenser, fokus- og risikoområde, verdier og eigenerklæring frå revisor.

Ho viste til at ein «vesentleg» feil er ein feil som fører til ei anna avgjersle enn ein elles ville ha gjort. For Bokn kommune er denne sett til kr 85.000, dvs. 1,8 % av budsjetterte driftsinntekter. Ny kommunelov har pålagt revisor ny oppgåve knytte til kommunen si etterleving av måloppnåing. I følgje revisor måtte bli på eit svært overordna nivå. Ny mal var utarbeida. Ho var open for innspel om det var område som utvalet meinte dei burde sjå nærare på. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19:

Bokn kontrollutval tar revisjonsplan 2019 frå Deloitte AS om rekneskapsrevisjonen og presentasjon frå oppdragsansvarleg revisor om interimrevisjonen så langt i 2019 til orientering.

SAK 23/19 ORIENTERING OM ØKONOMISITUASJON I BOKN KOMMUNE OG FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR 2020 – ØKONOMIPLAN 2021-2023

Sekretariatet si innstilling:

Bokn kontrollutval tar rådmannen si orientering om budsjettsituasjonen 2019 og framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan 2021-2023 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Kommunalsjefen gjorde greie for budsjettsituasjon og hovudtrekk i framlegg til budsjett. Rekneskapen dei to siste åra hadde blitt redda av ikkje budsjetterte midlar frå Havbruksfondet. I fjor 6 mill. kr og i år 4 mill. kr pga. flytting av eit bruk. Administrasjonen ønskjer sjølvsagt meir slike midlar i åra framover, då utan desse vil det krevje store innsparingar, spesielt innan skule og pleie. Med færre elevar vil effekten av samanslåing av klassar fyrst vere å sjå neste haust.

Det er sett av ressursar til rekruttering av ny rådmann, då noverande sluttar til sommaren. Det må også lysast etter ny rektor ved skulen. Av kommande investeringar blei leidningsnett og opprusting av omsorgsbustadene omtalt. Netto driftsresultat i budsjettet ligg på 2 %, som er øve tilrådd mål, men er som følge at ein del driftstiltak har måtte bli skåre ned. Når det gjeld gebyrregulativet er det harmonisert med Karmøy sitt, HIM IKS og Brann og redning IKS. Kommunen har ikkje stort handlingsrom som følge av nytt inntektssystem. Utvalet kom med spørsmål og kommentarar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19:

Bokn kontrollutval tar rådmannen si orientering om budsjettsituasjonen 2019 og framlegg til budsjett for 2020 og økonomiplan 2021-2023 til orientering.

SAK 24/19 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 20.11.19

34. Statusrapport pr. november 2019
35. Kommunestyrevedtak 15.10.19, sak 48/19 – Val av kontrollutval for perioden 2019-2023
36. Komm.styrevedtak 15.10.19, sak 49/19 – Val av leiar og nestleiar i Bokn kontrollutval
37. Kommunestyrevedtak 01.10.19, sak 42/19 – Budsjettkontroll 2019 – januar -august
38. Kommunestyrevedtak 01.10.19, sak 43/19 – Oppfølging av selskapskontroll - KH IKS
39. Taushetserklæringsskjema (vert signert i møtet)
40. Innkalling til representantskapsmøte 14.11.19 – Haugaland Brann og redning IKS
41. Innkalling til representantskapsmøte 27.11.19 – Haugal. Interkom. Miljøverk (HIM) IKS
42. Kommunal Rapport 28.10.19 – Ønsker åpenhet og innsyn i kommunens arbeid
43. Invitasjon til éindagssamling – Forum for kontrollutvalg i Rogaland 09.01.20 i Sandnes
44. Invitasjon til Kontrollutvalgskonferansen 2020 -29.-30.20 på Gardermoen

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Teieplikterklæringane blei underteikna og samla inn.

Kim Erik Larsen melde seg til konferansen i Sandnes 9.januar. Dei andre ville komme tilbake med evt. påmelding.

Kontrollutvalskonferansen 29.-30 januar kolliderer med folkevaltopplæringa 28.-29. januar som er lagt til Bømlo. Utvalet meinte dei fekk dela seg, og at minst to burde dra på konferanse. Utvalet meinte at utvalsleiar og nestleiar var aktuelle. Sekretær vil sende ei oppmoding til ordførar om deltaking. Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19:

Referatsakene 34 - 44 blir tatt til orientering.

Eventuelt

Namneendring

Utvalsleiar gjorde framlegg om at utvalet skulle å be kommunestyret endre utvalet sitt namn til «kontroll- og kvalitetsutvalet», slik Rogaland fylkeskommune og Karmøy kommune har gjort. Utvalet slutta seg til hans framlegg, og ønskte eit vedtak så snart som mogleg.

Sekretær viste til kommunelova § 11-3, 5.ledd om at utvalet kan fatte vedtak i ein sak som ikkje er oppført på sakslista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemmene motsette seg det. Utvalet vedtok då samrøystes:

Bokn kontrollutval vedtar at sak om namneendring blir tatt opp som ekstrasak i møtet 20.11.19, som sak 25/19.

EKSTRASAK

25/19 NAMNEENDRING – BOKN KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

Handsaming i kontrollutvalet 20.11.19:

Utvalsleiar grunna sitt framlegg.

Utvalet var samde i at nytt namn ville betre spegle utvalet sine oppgåver. I dag trur mange at hovudoppgåva er å finne feil, men fokuset skal vere å sikre innbyggjarane gode tenester, og gjennom forvaltningsrevisjon finne forbedringspotensiale.

Utvalet slutta seg til framlegget.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 20.11.19 og innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre vedtar å endre namnet til kontrollutvalet til «Bokn kontroll- og kvalitetsutval» frå og med valperioden 2019- 2023.

Ingen andre saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte

Etter møteplan er dato sett til onsdag **12. februar** 2020.

Bokn, 20. november 2019

Lars Øyvind Alvestad
leiar (sign.)


Toril Hallsjø
utvalssekretær (sign.)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	12.02.20	2/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

PLAN FOR ORIENTERINGAR OM RAMMEOMRÅDA OG STABS-FUNKSJONANE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om rammeområda og stabs-funksjonane:

Møtet 06.05.20	Rådmannen
Møtet 09.09.20	Kommunalsjef
Møtet 11.11.20	Seksjonssjef
1. møte 2021	Kommunalsjef
2. møte 2021	

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Saksorientering

Tidlegare kontrollutval har vore svært nøgd med å bli orientert om driften av kommunen og kva som skjer innan resultat-/rammeområda og støtte-/stabsfunksjonane. Plan for orienteringane har vore sett på nyåret. Planen er blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår ein arbeider under m.m.

Kontrollutvalet kan invitere einkvar leiar eller tilsett. Den enkelte leiar eller tilsett får da delta i eit kontrollutvalsmøte kor dei får presentere sin etat/avdeling/seksjon med fokus på arbeids- og ansvarsområde den enkelte etat/avdeling/seksjon har.

Kontrollutvalet v/sekretariatet vil oppfordre og utfordre den enkelte leiar til å komme med både ris og ros av eigen seksjon, fokusere på både det som går bra og kva som er av utfordringar.


Sekretariatet vil gjere framlegg om eit slikt opplegg i 2020 og inn i neste år, for på den måten å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen sin drift og utfordringar.

Rådmannen (i ny kommunlov: kommunedirektøren) er øvste leiar og den personen i administrasjonen som kontrollutvalet skal halde seg til. Invitasjonen går derfor via rådmannen, som tar stilling til om vedkommande leiar for det aktuelle arbeidsområdet møter for å orientere på hans vegne. Etter reglementet kan tilsette også bli innkalla for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Rådmannen skal då vere orientert om det.

Siden orienteringa frå rådmannen er overbyggande, vil sekretariatet tilrå å starte med rådmannen, som har det overordna ansvaret i kommunen. Dersom ein følgjer oppsett plan, vil kontrollutvalet ha fått ein overordna orientering om dei fleste områda i løpet av dette året og evt. neste år.

Frå Bokn kommune si administrative organisering har eg henta følgjande frå nettsidene:

Organisasjonen Bokn kommune er omorganisert frå 01.01.2015. Ny organisering framgår av organisasjonskartet under.




Det kan leggjast inn nå eller lagast ny plan seinare for andre leiarar som utvalet ønskjer skal komme å orientere, som til dømes rektor, styrer i barnehagen, leder servicetorget, helsesøster osv.

Utvalet blir no bedt om å ta stilling kven dei ønskjer å be om å komme på neste møte og dei andre møta i år og neste år. I tillegg kan det måtte bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som er invitert.

Utvalet kan og bli samd om kor lang tid den inviterte skal få til rådighet med eller utan spørsmål. Det blei ikkje sett nokon tidsramme i sist periode, men i andre utval har dei sett 30-40 minutt inklusiv spørsmål. Dette har blitt stort sett halden, men også bli utvida av utvalet der det er ønskeleg.

Det er også greit dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål at dei blir varsla via sekretariatet i forkant av orienteringane. Rekkjefølgen kan som sagt endrast av kontrollutvalet. I tillegg kan det bli endringar dersom foreslått tidspunkt ikkje skulle passe for den som blir invitert.

Aksdal, 05.02.20



Toril Hallsjø (sign.)

Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	12.02.20	3/20
Kommunestyret	31.03.20	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET - ÅRSMELDING 2019**Sekretariatet sitt forslag til vedtak:**

Bokn kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2019 slik ho ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Innstilling til kommunestyret:

Bokn kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2019 til orientering.

Vedlegg: Utkast til kontrollutvalet si årsmelding for 2019

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 23-5 skal «*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*».

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2019 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2019 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrol- og kvalitetsutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

Aksdal, 05.02.20

Toril Hallsjø (sign)

Daglig leiar/utvalssekretær

BOKN KOMMUNE

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

ÅRSMELDING 2019



Foto: T. Hallsjø

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET
BOKN KOMMUNE

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2019.

I følgje kommunelova § 23-5 skal **"kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret"**.

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon og selskap som kommunen eig eller er deleigar i (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette. Utvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og det blei sist revidert i 2014.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal no ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommune har eigarinteresse.

Utvalet har fram til nytt val i 2019 hatt følgjande medlemmer:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap))	Zuzanna Ufnal (Ap)
Nestleiar	Jørn Hansen (Uavhengig)	Tom-Inge Aksdal (H)
Medlem	May Jorunn Vatnaland (Sp)	Johannes Nilssen (Sp)

Jørn Hansen var utvalet sin kommunestyrerepresentant. Leiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan også overlate denne retten til andre medlem i utvalget.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Han har møtt ein gong i 2019. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han har sjølv møtt to gonger, medan ass. rådmann har møtt to gonger og kommunalsjef tenester har møtt ein gong.

For perioden 2019 - 2023 har kommunestyret valt følgjande medlemmer:

	<u>Faste medlemmer</u>	<u>Varamedlemmer:</u>
Leiar	Lars Øyvind Alvestad (Ap))	1.Fredrik Sunde Olaussen (H)
Nestleiar	Anne Løvereide Faye ()	2.Daghild Alvestad (Sp)
Medlem	Kim Erik Larsen (H)	3.Edgar Våge (H)
Medlem	Cathrina Øvrebø (Sp)	4. Tom Inge Aksdal (H)
Medlem	Hans Jørgen Ognøy (Krf)	5. Ingrid Kallevik (Ap)
		6. Torstein Alvestad (Krf)

Nestleiar er utvalet sin kommunestyrerepresentant.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. AKTIVITETEN I UTVALET I 2019

Kontrollutvalet har hatt **4** (4) møte, fordelt på to møte om våren og to møte på hausten. Kontrollutvalet sine møte er opne for publikum og presse med unnatak av når det er heimel i lov om å lukke. Utvalet held sine møte i møterommet i 1. etasje på Boknatun.

Utvalet har hatt **25** (21) saker til handsaming der 7 (3) av sakene er vidaresendt til kommunestyret. Det er **44** (37) saker som er blitt lagd fram til orientering. Samla oversikt over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

På kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) i februar og på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Kristiansand i juni deltok ingen.

På dagskonferansen på Sandnes for kontrollutval i Rogaland deltok fire av dei nyvalte medlemmene. Normalt er denne samlinga i november, men pga. valet blei den arrangert 9. januar 2020.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

Kontrollutvalet har oppgaver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møtet 22.05.19, sak 8/19 kommunen sin årsrekneskap for 2018 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 8,1 mill.kr.

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 8,9 mill. kr, som utgjør 8,4 % av driftsinntektene. Resultatet var godt øve resultatet i fjor, og var på nivå med Tysvær kommune.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding. I revisjonsrapporten var det merknader knytte til manglande oppdatert anleggsregister, avvik mellom rekneskap og budsjett i investeringsrekneskapen og manglande budsjettreguleringar og avslutta rekneskap. Dette blei lova tatt tak i av administrasjonen, og utvalet meinte då at det ikkje var grunn til å setje frist for tilbakemelding.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Bogn kommune sin plan for 2016-2020 blei vedteken av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 59/16. Ny plan for 2020-2024 skal bli vedteken i år.

Utvalet bestilte i 2018 forvaltningsrevisjonsprosjekt om temaet «Sjukefråver i skule og barnehage». Rapport blei lagt fram for utvalet i mars og kommunestyret i møtet 14.05.19, sak 17/19. Det blei sett ein frist for tilbakemelding innan 6 månader. Tilbakemeldinga er no lova til maimøtet i 2020.

Ny rapport om «Rus- og psykiatritenesta» blei lagt fram for utvalet i mai og kommunestyret i juni, 18.06.19, sak 30/19. For dette prosjektet blei det sett ein frist for tilbakemelding innan 9 månader. Tilbakemelding vil også komme til maimøtet.

For oppfølging av rapport frå 2017 om «Plan, byggesak og eigedom» blei det sett 12 månader. Den blei lagt fram for utvalet i mai og kommunestyret i juni, sak 31/19. Der var det også bedt om en tilbakemelding om «*korleis den nye avtalen frå 01.09.17 med Karmøy kommune fungerer*». Dette blei følgt opp av rådmannen med ein lengre tilbakemelding.

4.3 SELSKAPS- OG EIGARSKAPSKONTROLL

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Plan for 2016-2020 og retningslinene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 15.11.16, sak 58/16 på bakgrunn av overordna analyse. Ny plan vil bli utarbeida og vedteken i år.

Samordna selskapskontroll med eigarkommunane av Karmsund Havn IKS blei vedteken og gjennomført i 2018. Rapport blei lagt fram for kommunestyret i juni, i sak 25/18. Det blei sett 12 månader for frist for tilbakemelding. Svar på oppfølging av rapporten blei overlevert frå KH i april 2019 og frå rådmannen i september.

Saken blei lagt fram for kontrollutvalet i september og vidaresendt til kommunestyret sitt møte 01.10.19, sak 43/19.

Det var der tatt inn at eigarstyring skulle vere tema i opplæring av dei folkevalte og at eigarskapsmeldinga vil bli revidert tidleg i denne perioden. Eigarskapsmelding er nå lovpålagt å utarbeide for alle kommunane etter ny kommunelov.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte..

Deloitte AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Noverande avtale gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20, men blei forlenga med 1 år til 31.06.21 ved bruk av kommunen sin opsjonsavtale.

Sak om bruk av opsjon eller ny anbudsrunde blei lagt fram for kommunestyret i juni, sak 29/19. Arbeidet med ny anbudskonkurranse vil starte i vår og val av revisjonsselskap vil skje til hausten 2020.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er partner Else Holst-Larsen. Ho og stadfortredar har møtt i tre møte i 2019. Forvaltningsrevisorane held til i Bergen, og var i haust tilgjengeleg via telefon.

Deloitte AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om interimrevisjonsarbeidet , utarbeida prosjektplan og utarbeida rapportar.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orienteringar frå rådmann om spørsmål og saker som utvalet har tatt opp.

Utvalet har i 2019 fått orientering om aktuelle saker og budsjettsituasjonen. Det har elles i 2019 ikkje vore nokon innbyggjarar som har tatt kontakt med utvalet med ønske om det vert sett fokus på eit emne eller konkret sak.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR TILSYN OG KONTROLL

	REGNSKAP 2018	KU SITT BUDSJETT 2019	VEDTATT BUDSJETT 2019	REGNSKAP 2019
Godtgjersle, kurs, m.m	25 476	58.000	58.000	19 846
Revisjonstenester	211 383	261.000	261.000	194 405
Sekretariatstenester	112 000	115 000	115 000	115 00
Sum utgifter eks. mva	348 859	434.000	434 000	329 252

Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett for 2020 var på kr 455.000, med kr 67.000 til utvalet, kr 269.000 til revisjon og kr 119.000 til sekretariatstenester.

4.7 SEKRETARIATET FOR KONTROLLUTVALET

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei etablert frå 2005 og vore i drift i 15 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tre revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore dagleg leiar Toril Hallsjø. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Bokn kommune har Daghild G. Alvestad vore valt til representantskapet i IKSet med Lillian Grønnestad som varamedlem. Alvestad møtte på representantskapsmøtet 06.05.19. Ny strategiplan for selskapet blei mellom anna vedteken.

For valperioden 2019-2023 er Kristoffer Joakim Are valt til representantskapet med Lillian Grønnestad som varamedlem.

5. OPPSUMMERING

Møteaktiviteten har i 2019 vore som tidlegare år. Det har vore utarbeidd og lagt fram to forvaltningsrevisjonsrapportar. Ein om «*Sjukefråver i skule og barnehage*» og ein innan «*Rus- og psykiatritenesta*»

Det har vore to oppfølgingssaker om tidlegare rapportar. Administrasjonen har elles gjort greie for rekneskap, budsjett og andre aktuelle saker.

Bokn, 12.02.20

Lars Øyvind Alvestad (sign.
leiar

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	12.02.20	4/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 12.02.20

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Bokn kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene nr 1 – 10 til orientering.

Vedlegg:

1. Statusrapport pr. januar 2020
2. Komm.styrevedtak 17.12.19, sak 61 - Namneendring til Bokn kontroll- og kvalitetsutval
3. Rekneskapstall 2019 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
4. Fylkesmannen i Rogaland – informasjon om statlege tilsyn med kommunane i 2020
5. Fylkesmannen i Rogaland – tilsynskonferanse 14.02.20
6. Protokoll frå representantskapsmøtet i HIM IKS 27.11.19
7. Protokoll frå representantskapsmøtet i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
8. Innkalling til representantskapsmøtet i Haugaland Brann og redning IKS 05.02.20
9. Tilbakemelding/evaluering - konferansen i Sandnes 09.01.20
10. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland 2019
11. Tilbakemelding/evalu. – NKRF - Kontrollutvalskonferansen 29.-30.01.20
12. Årsrapport og skatterekneskap 2019 - skatteoppkrevjaren i Bokn kommune

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Vedr pkt 12

Sekretariatet har mottatt årsrapport og skatterekneskap 2019 frå skatteoppkreveren for Bokn (se vedlegg) som er Haugesund kemnerkontor.

Skatterekneskapen for 2019 viser ein samla skatteinngang på 91,3 mill. kr. Som er ei auke frå året før på 9,2 %. Auka skyldast økte innbetalingar frå personlege skattytarar og auka innbetalingar av arbeidsgjevaravgift. Auka er høgare enn dei omliggande kommunane og også høgare enn snittet på landsbasis. Samla for kommuneforvaltninga var veksten 4,8 %. Kommunen sin andel av skatteinntekta i 2019 var på 23,2 mill. kr. Dette inneberer ei auke på 9,2 % i forhold til tilsvarende periode i 2018. Inngangen er 1,95 mill. kr meir enn i fjor.

Kommunen har i 2019 satt av 10 % til marginavsetning, som utgjør 7 mill. kr. Dette er midlar som er heldt tilbake for å dekke utbetalingar av til gode skatt når skatteoppgjøret blir klart i påfølgande år. Marginoppgjøret for 2019 viste overskot på 0,5 mill. kr. Ved utgangen av 2019 er det ein restanse mot skattytarar i kommunen på 0,5 mill. kr, som er svært lavt.

Haugaland arbeidsgiverkontroll har utført arbeidsgjevarkontroll for Bokn kommune. Dette er eit samarbeid med ni kommunar i distriktet.

Kontrollutvalet kan berre ta sjølve rekneskapen til orientering. Revisjonshandlingane knytte til dette regnskapet er ein statleg oppgåve, og skatterekneskapen vert godkjent på nasjonalt nivå av Stortinget. Skatteoppkreverfunksjonen er inn til vidare ein kommunal oppgåve, og kontrollutvalet har derfor ein tilsynsrolle overfor skatteoppkrevjar, og kan om nødvendig kommentere forhold knytte til organisering av arbeidet mv.

Stortinget har vedtatt at skatteoppkreverfunksjone skal bli overfør til staten frå 1.6.2020.

Aksdal, 05.02.20



Toril Hallsjø

Dagleg leiar/utvalssekretær



1

Bokn kontroll- og kvalitetsutval

Statusoversikt februar 2020

Saker fra bestilling til behandling i utvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Nytt prosjekt	Hausten 2020				
Andre saker					
Plan 2020-2024 med ROV-analyse	20.11.19, sak 22/19	83 t.	I bestilling	I løpet av 2020	Deloitte AS v/Kari Gåsemyr

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
«Rus- og psykiatritenesta»	07.11.18, sak 18/18	22.05.19, Sak 7/19	18.06.19, sak 30/19	Våren 2020	76 t. /9 mnd. etter vedtak
«Sjukefråver i skule og barnehage»	22.05.18, sak 8/18	18.03.19, sak 2/19	14.05.19, sak 17/19	Våren 2020	76 t. /6 mnd. etter vedtak
Eigarskapskontroll					
Andre saker					

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjon	Bestilt	Behandla i KU	Behandla i KST	Fylgt opp	Merknader
«Plan, byggesak og eigedom»	5.02.17, sak 3/17	18.10.17, sak /17	07.11.17, sak 48/17	18.06.19, sak31/19	
«Post/arkivhandtering i Bokn kommune»	03.09.15, sak 16/15	10.02.16, sak 2/16	08.03.16, sak 5/16	15.11.16, Sak 59/16	
« Tilpassing til Samhandlingsreforma»	04.09.14, sak 8/14	26.02.15, sak 3/15	17.03.15, sak 4/15		6 månader etter vedtak
Selskapskontroll					
Karmsund Havn IKS	28.02.18, sak 2/18	22.05.18, sak 10/18	19.06.18, sak 25/18	01.10.19, sak 43/19	7 t. av 180 t. KPMG AS
Andre saker					
Personvernlova		22.05.18			
Bokn Arena/ Event	-	15.02.17			

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 17.12.2019

Møtetid: Kl. 19:00 - 21:00

Møtestad: Allrommet - Boknatun

Saksnr.: 059/19
– 064/19

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anne Svanberg Løvereide Faye	AP
Kyrre Lindanger	AP
Lillian Grønnestad	AP
Rakel Jansen Alvestad	AP
Rannveig F. Øvrebø	AP
June Susanne Grønnestad	H
Lene Ognøy Foss	H
Svein Ove Alvestad	H
Sigmund Alvestad	KRF
Amalie Våga	SP
Bjarne Nedrebø	SP
Egil Magne Våge	SP
Erik Nilssen	SP
Osmund Våga	SP
Torfinn Mandius Alvestad	SP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Kjell Inge Dirdal	H	Ingleif Kro	H
Emilie Moi Eikje	SP	Sandra Grønnestad Jøsang	SP

Møteleiar:	Osmund Våga
Frå adm. møtte:	
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte; Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad
Til å underskrive protokollen; Kyrre Lindanger, Sigmund Alvestad
Møtet starta med informasjon om Bokn Tomteselskap AS v/Lars Alvestad

059/19 Godkjenning av innkalling

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 059/19 Vedtak:

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

060/19 Godkjenning av møteprotokoll

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 060/19 Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjent slik han låg føre.

061/19 Bokn kontrollutval - navneendring til Bokn kontroll- og kvalitetsutval

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre vedtar å endre namnet til Kontrollutvalet til «Bokn kontroll- og kvalitetsutval» frå og med valperioden 2019 – 2023.

17.12.2019 Kommunestyret

Behandling:

KS - 061/19 Vedtak:

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

062/19 Val av leiar og nestleiar i Eldreråd/Råd for personar med funksjonsnedsettjing for perioden 2019 - 2023

..... sitt framlegg til vedtak:

<skriv her>

17.12.2019 Kommunestyret



3

1 Bokn kommune (2019) - År/Periode 2019 1 - 16

04.02.2020

	Buds(end) 2019	Regnskap 2019
Teneste: 1100 Kontroll og revisjon		
1080 GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE	17.000	10.250
1081 MØTEGODTGJERSLE FOLKEVALDE	0	3.200
1099 ARBEIDSGIVARAVGIFT	2.400	1.896
1129 ANDRE KOSTNADER	0	1.000
1150 KURS	33.100	0
1160 REISEUTGIFTER OPPGÅVEPLIKTIG	2.000	0
1196 KONTINGENTAR	3.500	3.500
1270 KONSULENTTENESTER	0	141.405
1370 KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE / DRIFTSAVTAL	261.000	21.000
1375 KJØP FRA IKS DER KOMMUNEN DELTAR	115.000	115.000
1429 MVA PÅ VEDERLAG, MVA-PLIKTIGE ANSKAFFELS	0	40.601
1729 KOMP.FOR MVA DRIFT	0	-40.601
Sum teneste: 1100 Kontroll og revisjon	434.000	297.252
TOTALT	434.000	297.252
		+ 32.000
		<u>329.252</u>



Vår dato:

19.12.2019

Vår ref:

2019/12301

Dykkar dato:

«REFDATO»

Dykkar ref: **Haugaland**

Kontrollutvalgssekretariat IKS

«REF»

Mottatt dato: 20.12.19

Journalført: 17/486/ogh

Arkivkode: 216

Kontakt saksbehandlar

Maren Skåden, 51 56 88 32

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Informasjon om statlege tilsyn med kommunane og fylkeskommunen i Rogaland i 2020

Fylkesmannen i Rogaland har samordna planlagde tilsyn med kommunane og fylkeskommunen med Arbeidstilsynet, Mattilsynet, Arkivverket og Kartverket og planlagde forvaltningsrevisjonar i kommunane.

Vi gjer merksam på at frå januar 2020 vil Fylkesmannen i Rogaland ta i bruk felles nasjonal tilsynskalender. KMD sender i desse dagar ut eit brev til alle kommunane i landet med nærare informasjon om kalenderen. Vi syner til den informasjon om felles nasjonal tilsynskalender som vil gå fram av KMD sitt brev.

I tillegg til at tilsyna vil bli lagt ut på den nye felles nasjonale tilsynskalenderen på nett har vi utarbeida ein oversikt med Fylkesmannen og Arkivverket sine tilsyn. Denne følgjer med som vedlegg til dette brevet. Mattilsynet, Statens vegvesen og Arbeidstilsynet har ikkje bestemt seg for kva kommunar som vil få planlagde tilsyn ennå, og er derfor ikkje med i oversynet. Kartverket har ikkje planlagt tilsyn i Rogaland i 2020.

Arbeidstilsynet vil ha eit særleg fokus på arbeidslivskriminalitet og dei utfordringane dette fører med seg i arbeidslivet. Kommunane vil vere av interesse her, jamfør tilsyn med regelverket om offentlege anskaffingar.

Arbeidstilsynet vil også føre tilsyn med kommunane som byggherre og kommunen som oppdragsgivar. Sistnemnte med utgangspunkt i forskrift om løn- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Arbeidstilsynet vil fortsette næringsstatsinga som omhandlar vald og trugslar innan helse og sosial med rettleiing på kommunedirektørnivå i nokre kommunar. Arbeidstilsynet vil som i 2019 også i 2020 delta i eit forskingsprosjekt under leiing av STAMI (Statens Arbeidsmiljøinstitutt) om effekt av tilsynet sitt verkemiddelbruk. Målgruppa vil vere heimesjukepleie og heimhjelp.

Mattilsynet sine hovudprioriteringar for 2020 er leveringstryggleik på drikkevatn og kvalitet på distribusjonssystema for drikkevatn. Når det gjeld tilsyn med kommunane skal Mattilsynet også prioritera rettleiing og tilsyn med hygiene og rutinar i kommunale og private barnehagekjøkken i 2020.



Arkivverket sine tilsyn har som føremål å sikra at arkiv som har verdi innan kultur eller forskning, eller som inneheld dokumentasjon med rettsleg eller forvaltningsmessig dokumentasjon vart ivareteke og gjort tilgjengeleg for samtid og ettertid.

Statens vegvesen vil i hovudsak utføre risikobaserte tilsyn, retta mot verksemder der det er sannsynleg å avdekkje lovbrøt. Kva verksemder som får tilsyn, avheng av kva opplysningar SVV mottek, og/eller kva SVV sjølv avdekkjer i sitt arbeid. Det er eit krav om å vere registrert i SSV sitt parkeringsregister for å kunne tilby vilkårsparkering. Skulle SVV finne at kommunar i Rogaland som tilbyr vilkårsparkering ikkje har registrert seg, vil det bli ført tilsyn med desse.

Kartverket har ikkje planlagt å føre tilsyn med kommunar i Rogaland i 2020. Kartverket trekkjer ut eit tilfeldig utval i grupper basert på folketal og fylkesvis fordeling. Alle kommunane er med i kvar trekking og det kan føre til at kommunar kan bli trekte ut til nytt tilsyn, kort tid etter førre tilsyn.

Fylkesmannen si utdanningsavdeling vil i 2020 gjennomføre felles nasjonale tilsyn (FNT) på områda skolemiljø og skolebasert vurdering. I tillegg vil vi gjennomføre tilsyn med kommunane si ivaretaking av spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne i barnehage, gratisprinsippet i vidaregåande opplæring, og introduksjonslova for nykomne flyktningar.

Statens helsetilsyn har avgjort at det landsomfattande tilsynet med barnevernlova skal rettast mot barneverntenesta sitt arbeid med undersøkingar. Det vert også tilsyn med tilgjengelegheit til sosiale tenester i NAV og tvungen helsehjelp i kommunale helse- og omsorgstenester.

Miljødirektoratet har ikkje planlagt å gjennomføra landsomfattande kommunetilsyn i 2020. Miljøvernavingdelinga har derfor ingen planlagde tilsyn med kommunen som forureiningsstyresmakt neste år.

Fylkesmannen gjer merksam på at umelde eller hendingsbaserte tilsyn ikkje er med i oversikta.

Kommunar som ønskjer ein samtale med Fylkesmannen rundt prioritering og gjennomføring av tilsyna for 2020, kan ta kontakt med tilsynskoordinator Maren Skåden på telefon 51 56 88 32 eller på e-post: maren.skaden@fylkesmannen.no.

Til slutt vil vi minne om at det blir ny tilsynskonferanse i Stavanger 14. mars 2020. Vi håpar på godt oppmøte! Meir informasjon og moglegheit for påmelding til konferansen finn de på Fylkesmannen sine [nettsider](#).

Med helsing

Lone Merethe Solheim
fylkesmann

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Fylkesmannen og Arkivverket sine tilsyn og kontroll med kommunar i Rogaland og Rygland fylkeskommune 2020
 FNT/Landsomfattande tilsyn/nasjonale tilsyn = Nasjonale tilsynskampanjar styrt av sentrale styresmakter (Helsestilsynet sentralt/Utdanningsdirektoratet), utført lokalt

	Kommune/fylkeskommune	Fylkesmannen Helse- og sosial- avdelinga	Fylkesmannen Utdannings- avdelinga	Fylkesmannen Samfunns- avdelinga	Fylkesmannen Landbruks- avdelinga	Arkivverket
	BJERKREIM	1. halvår				
		2. halvår	Spespedhjelp og filirettelegging august		Forvaltningskontroll februar	
	BOKN	1. halvår				Arkivlov 4. april
		2. halvår	FNT: skulemiljø august			
	EIGERSUND	1. halvår		Samfunnsstryggje og beredskap 18. mars		
		2. halvår	Introlova August			
	GJESDAL	1. halvår	Spespedhjelp (utselt frå 2019) Januar			
		2. halvår				
	HAUGESUND	1. halvår	Tilgjengelegheit i sosiale tenester i NAV Uke 17-18			
		2. halvår				

	<u>HJELMELAND</u>	1. halvår					Samfunnstryggleik og beredskap 29. april			
		2. halvår	Tilgjengelegheit i sosiale tenester i NAV Uke 42-44							
	<u>HA</u>	1. halvår						Forvaltningskontroll april		
		2. halvår	Tvingen helsehjelp uke 44/5							
	<u>KARMØY</u>	1. halvår	Undersøkingar i barnevernstenesta uke 13							
		2. halvår								
	<u>KLEPP</u>	1. halvår				FNT skolemiljø januar				
		2. halvår								
	<u>KVITSØY</u>	1. halvår								
		2. halvår						Forvaltningskontroll (med Sandnes) august	Arkivlov 30. januar	
	<u>LUND</u>	1. halvår					Samfunnstryggleik og beredskap 15. september			
		2. halvår								
	<u>RANDABERG</u>	1. halvår	Tvingen helsehjelp uke 18/19							

[illegible]

		2. halvår							
	TIME	1. halvår	Undersøkingar i barnevernstenesta uke 17						
		2. halvår			FNT: skolebasert vurdering august				
	TYSVÆR	1. halvår	Tilgjengelighet i sosiale tjenester i NAV uke 11-12						
		2. halvår							
	UTSIRA	1. halvår							
		2. halvår							
	VINDAFJORD	1. halvår			Introdov februar			Forvaltningskontroll mai	
		2. halvår							
	ROGALAND FYLKESKOMMUNE	1. halvår			Gratisprinsippet mars			Samfunnstyrggleik og beredskap 26. november	
		2. halvår							

Kontaktperson for dei planlagde tilsyna:

Fylkesmannen i Rogaland,

Tilsynskonferanse

14. februar 2020
Clarion Hotel Energy

- 09:30-10:00 Registrering**
Kaffi/te og lett frukost
- 10:00 – 10:10 Velkommen** v/ fylkesmann Lone M. Solheim
- 10:10 - 10:50 Kommunal og moderniseringsdepartementet informerer om arbeidet i arena for nasjonal samordning av tilsyn**
- 10:50 – 11:00 Pause**
- 11:00 - 11:30 Dialogmøta i barnevernet**
Rigmor Kvaa de Waard, ass. direktør Helse, sosial og barnevernavdelinga informerer om Fylkesmannen i Rogaland sitt arbeid og erfaringar frå dialogmøta
- 11:30-12:00 Evaluering av dialogmøta** v/Ragnhild Haugli Bråten, Oslo Economics
- 12:00-12:15 Pause**
- 12:15-12:30 Risikobaserte tilsyn som verkemiddel for kvalitetsutvikling i utdanningssektoren** v/utdanningsdirektør Marianne Skogerbø, Fylkesmannen i Rogaland
- 12:30-13:00 Erfaringar frå tilsyn og arbeidet med å lukka avvik**
- Ole Bernt Thorbjørnsen, rådmann i Haugesund kommune fortel om kommunen sine erfaringar frå Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som forureiningsmyndigheit for grunnforureining
 - Ørjan Daltveit, rådmann i Bjerkreim kommune fortel om kommunen sine erfaringar frå Arbeidstilsynet sitt tilsyn med vald og trugslar i helse- og sosialsektoren
- 13:00-14:00 Lunsj**
- 14:00-14:15 Erfaringar frå tilsyn forts.**
- Strand kommune fortel om sine erfaringar frå tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap
- 14:15 – 14:45 Spørsmål og dialog**
«Kva skal til for at tilsyn fører til læring og forbetring i kommunane?»
leia av John Gunnar Skien, kommunikasjonssjef, Fylkesmannen i Rogaland
- 14:45 – 15:00 Oppsummering og avslutning**

PROTOKOLL FRA MØTE 27.11.19 I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK IKS

Møtet ble holdt på Toraneset Miljøpark 27. november 2019 fra kl. 15.00–17.00.

Følgende representanter møtte:

Bokn	Egil Våge
Etne	Kristin Golf (vararepresentant)
Etne	Varaordfører Kenneth Lyng Karlsen
Haugesund	Astri Furumo
Haugesund	John W. Pettersen
Haugesund	Karoline Sjøen Andersen
Haugesund	Arne Trygve Løvvik
Tysvær	Ordfører Sigmund Lier
Tysvær	Varaordfører Sven Ivar Dybdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal
Vindafjord	Gustav Løge Fosse (vararepresentant)

Forfall:

Bokn	June Grønnestad
Etne	Ordfører Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Vindafjord	Varaordfører Tove Elise Olsen Frøland

Dessuten møtte:

Arild Karlsen	- styreleder i HIM
Trond Kampen	- økonomi- og administrasjonsleder i HIM
Gro Staveland	- adm.dir i HIM

Dokumentasjon av fremmøte ble gjort ved navneopprop.

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Ingen merknader til innkallingen.

Valg av protokollfører.

Adm dir Gro Staveland ble valgt som protokollfører.

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen i tillegg til møteleder

Karoline Sjøen Andersen og Sven Ivar Dybdal ble valgt.

Godkjenning av sakslisten

Sakslisten ble godkjent.

Vedtakssaker:

19.06 Valg av leder og nestleder - Enstemmig vedtak

Representantskapet valgte følgende leder og nestleder for perioden 2019-2023:

Leder: Astri Furumo

Nestleder: Ordfører Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim

19.07 Valg av valgnemnd – Enstemmig vedtak

Ordførere i eierkommunene velges som valgnemnd. Sigmund Lier tar initiativ til å innkalle til første møte.

Referat- og orienteringssaker:

19.08 Protokoll fra møte i representantskapet 22.05.19

Signert protokoll fra møtet 22.05.19 ble tatt til etterretning

19.09 Orientering om HIM pr nov. 2019 ved Gro Staveland

Orienteringen ble tatt til etterretning.

19.10 Orientering om regnskap og andre nøkkeltall ved økonomi- og administrasjonsleder Trond Kampen

Orienteringen ble tatt til etterretning.

Vedtakssak:

19.11 Budsjett 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 – Enstemmig vedtak

1. Representantskapet vedtar budsjett for 2020 slik det er lagt frem i denne saken. Styret har fullmakt til å justere vedtatt budsjett av hensyn til driften innenfor de rammene som er gitt i vedtekten.
2. Representantskapet vedtar økonomiplan for perioden 2020 – 2023 slik den er lagt frem i denne saken. Vedtatt investeringsprogram legges til grunn for budsjettering og gjennomføring av tiltak i perioden. Investeringsrammen for 2020 er på inntil 21.52 mill kr, og styret gis fullmakt til å ta opp lån på inntil 15.1 mill kr til gjennomføring av tiltakene. Ved finansiering skal egenandelen vurderes, men den skal i utgangspunktet være 30 %. Ved opptak av lån skal det benyttes en nedbetalingstid på 10 år dersom ikke annet er sagt. Styret kan likevel bestemme at nedbetalingstiden skal være kortere.
3. Økte driftskostnader blir justert i samsvar med virkelige kostnader når disse foreligger, og innarbeides i årsbudsjettet.
4. Styret gis fullmakt til å ta opp lån til likviditetsformål på inntil 1,0 mill kr.

Astri Furumo
Møteleder og leder i representantskapet

Karoline Sjøen Andersen
Representant

Sven Ivar Dybdal
Representant

Protokoll Representantskapsmøte Haugaland Vekst IKS



